



## ÅL KOMMUNE

### Retningslinjer om leirskule og skuleturar i *skulen sin regi* og ev. «deltaking» av føresette

I utgangspunktet drar elevar på leirskule og overnattingstur med lærarar og elevveileder.

I svært spesielle tilfelle der *skulen vurderer* at føresett bør vere med på leirskule og skuleturar, gjeld følgande:

- Det ligg føre skriftleg uttale frå spesialisthelsetenesta / fastlege som stadfestar at det er heilt nødvendig at føresett deltek, og at det ikkje er forsvarleg med berre elevveileder.

Dekking frå skulen:

- Reise til og frå skuleområdet til turstaden.
- Overnatting knytt til leirskulen eller skuleturen.

Vilkår for føresett:

- Føresett skal signere teieplikterklæring.
- Føresett har hovudansvar for sitt barn under heile turopphaldet. Det vil kunne bli gjort egne avtalar mellom skule og føresett ut frå behov og type tur *etter skulen sine vurderingar*.
- Skulen dekkjer som hovudregel *ikkje* tapt arbeidsforteneste.
- Føresett må sjølv undersøke moglegheita for velferdspermisjon hos eigen arbeidsgjevar. Føresett kan søkje om hjelpestønad frå NAV: [Hjelpestønad - nav.no](https://www.nav.no).

Unntak:

- I særskilde tilfelle der skulen har vurdert at det av helsemessige årsaker er naudsynt at føresett deltek, kan skulen dekkje kostnadar tilsvarande lønssats for assistent i ordinær skuletid. Dette blir vurdert individuelt i kvar einskild sak av skulen.
- Det må ligge føre dokumentasjon på at føresett har søkt både velferdspermisjon og hjelpestønad frå NAV, men har fått avslag.

Vedteke Ål, oppvekst februar 2026

